

**Pantetting.**

Det er ikkje lov å pantsetja leigd areal.

**Forsikring.**

Leigetakar har ansvar for å forsikra sine einelutar.

**Leige.**

Leigar er på kr. 20.000,-/år.

Leiga skal innbetalast i 2 terminar (juni og desember). Stord kommune sender faktura. Avrekninga / oppgjer for eventuelle tilleggsytingar skal utførast i samsvar med eigen spesifikasjon.

Dersom leiga ikkje vert betalt, så er dette å sjå på som misleghald av avtalen.

Leigesatsane kan regulerast ved kvart årsskifte, då etter Statistisk Sentralbyrås konsumprisindeks, men ikkje slik at satsane kan setjast lågare enn ved inngåing av avtalen eller siste indeksregulering.

Første regulering av leigesatsane skal finne stad 01.01.2024. (Konsumprisindeksen vert utrekna frå november til november året etter, men justert leige vil gå frå komande 1.januar og ut året).

Ved evt. lovendringar, som omfattar punkt i avtalen, vert dette justert tilsvarande.

**Bruk av leigd areal.**

Leigetakar skal til ei kvar tid sjå til at leigd areal er ryddig og at oppførte bygningar av er i god stand.

Slitasje på leigearealet som ikkje er å sjå på som vanleg slitasje, skal meldast til SK snarast. Kostnad med ordning av skade på leigearealet fell på leigetakar og skal ordnast snarast.

**Misleghald og særlege forhold.**

Dersom leigetakar ikkje flytter frå grunnen når leigeforholdet er ute, eller på annan måte misleghald denne avtalen, vedtek utleigar at tvungen fråviking kan nyttast jf. lov om tvangsfullbyrding og midlertidig sikring §13-2-3.ledd, litra a og b. Leigetakar kan ikkje setja fram motkrav mot utleigar utan at dette er erkjent av denne, eller er rettsleg avgjort ved dom eller forlik. Leigetakar må dekkja alle kostnadar som søksmål, utkastning og rydding fører med seg.

**Tvist.**

Tvist mellom partane skal prøvast å løysast minneleg. Om ikkje dette let seg gjera, så skal tvisten løysast av tingretten.

Avtalen er i to eksemplar, eitt eksemplar til kvar av partane.

## **AVTALE**

**mellom**

**Stord kommune (org.nr. 939866914) , eigar av gnr. 60/20 og 21.**

**og**

**Stord Flyklubb (org.nr 997076389), leigetakar.**

### **Historie.**

Den 17/07.1986 vart det gått inn avtale med Stord Flyklubb (heretter kalla SFK) og Stord kommune (heretter kalla SK) om leige av om lag 1,5 daa av industriområdet på Sørstokken. Leigd areal har fått gnr./bnr. 60/20. Avtalen gjeld i 40 år frå 01.05.1986.

Den 14.04.1989 vart det gått inn avtale mellom SK og Stord Seilflyklubb. Leiga vart sett til kr. 3.000,-/år. Leigearealet er på om lag 0.5 daa og har fått gnr./bnr. 60/21. Avtalen vart skriftleg oppsagt av leigetakar, med verknad frå 01.01.2023.

Det vart orientert til SK at SFK vil leiga arealet Stord Seilflyklubb hadde avtale på.

Av den grunn vert det laga ny avtale mellom SFK og SK.

Avtalen mellom SFK og SK datert 17.07.1986 med verknad frå 01.05.1986 går ut.

### **Omfang.**

Avtalen omfattar leiga av areal på gnr./bnr.60/20 og 21, vist på kartskisse datert 25.01.2023.

Leigetakar skal kunna føra opp hangar og evt. anna bygning som har samband med luftsportsaktivitetar på Stord Lufthamn.

Leigetaka må stå for utarbeiding av søknad/ byggjesøknad samt få inn naudsynt løyve frå andre aktørar. All kostnad med tiltak fell på leigetakar.

Alle offentlege avgifter, straum og liknande knytt til bygga/leigearealet fell på leigetakar.

Leigetakar skal ha tilkomst til/frå rullebane med fly.

### **Leigetid og oppseiing.**

Leigetida er på 40 år frå signert avtale.

Partane kan sei opp avtalen med 1 års skriftleg varsel. Det er ikkje krav til grunngjeving av oppseiinga.

Leigetakar skal rydda leigd areal for sine eignelutar om ikkje anna vert avtalt med eigar.

### **Framleige.**

Det er ikkje lov å framleige.

*Stad 06.02.23*

Stad/ dato

*[Signature]*  
Stord Flyklubb

*Jon Kristian Tisthumar*

Stad/ dato

Stord kommune, tekniske tenester.



**leigd areal - gnr. 60/20 og 21**

Dato: 25.01.2023

Målestokk: 1:750

Koordinatsystem: UTM 32N



